

# **Referat frå klasseforeldremøte for 5. og 6. trinn onsdag 28. mai**

Til stades: Maria, Ronny, Ørjan, Amelia, Ida, Cecilie, Cassandra og Annikken

## **Sak 1. Info om neste år**

Annikken informerte kort om tankar om neste år. 6. og 7. trinn går i ein klasse med Bjørghild som kontaktlærar. Kva lærar som skal vera i lærarteam med Bjørghild vert ikkje bestemt før timeplanen vert lagt.

## **Sak 2. Saker til stort foreldremøte**

Det kom ingen saker til stort foreldremøte

## **Sak 3. Foreldrekontakte**

6. trinn treng ein føresatt til å vera i FAU i eit år. Det kom forslag frå gruppa, men ingen vart vald.

For 5. trinn tok Ida på seg jobben som vara i to år.

## **Sak 4 Leirskule**

Lærar informerte kort om leirskulen som vert neste år. 6. og 7. trinn reiser saman. Kvar turen går er ennå ikkje avklart. Føresette kom med innspel om at det kunne vere kjekt å få tilbod som aktivitetar som skulen her kan tilby lite av – skiaktivitetar. Me snakka og om det sosiale aspektet ved ein slik tur og om mobilbruk. Dette er ein sak som det vert snakka mykje meir om det kommande skuleåret.

## **Sak 5 Klassemiljø- Tiltak på fritida? «Vaksne skaper venskap».**

Saka vart innleia med to korte filmsnuttar laga av UDIR undertittelen: «Vaksne skaper venskap».

Me snakka om tiltak me som vaksne kan gjera for at borna skal trivast og utvikla gode venskap med dei i klassen.

Me snakka om:

Venegrupper

Invitera born på besøk som ein nødvendigvis ikkje inviterer heim til vanleg.

Felles aktivitetar som klasse: grilling, badetur, båttur, telttur e.l

Me snakka ein del om korleis me i så tilfelle kunne organisera slike tiltak.

Ingenting vart bestemt, men alle føresette vart oppfordra til å tenka over kva dei kan bidra med for at trivselen i klassen blant alle i gruppa skal verta større.

## **Sak 6. Dugnad – 7. klasseavslutning**

Ronny tok med seg permen med info om tidligare års 7.klasseavslutnings-dugnadars. Annikken sender mail til føresette i 6. klasse, slik at dei har mailadressene til kvarandre. Då kan ein lettare kommunisera med kvarandre om korleis de vel å gjera jobben.

Annikken Aadneram